

AUSTRHEIM KOMMUNE  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

**Avdeling for  
Infrastruktur og veg (INV)**

<b>Dato</b>	30.09.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/72185-5
<b>Dykkar referanse</b>	22/916-2/CMS
<b>Sakshandsamar</b>	Andreas Sivertsen Våge
<b>E-post</b>	Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45617420

**Svar på uttale - dispensasjon fra kommuneplan - veg - gnr. 160 bnr. 22 -  
Austrheim kommune**

Vi viser til brev datert 02.09.2022 med førespurnad om uttale til dispensasjonssøknad.

**Om saka**

Søknaden gjeld bygging av tilkomstveg og rydding av barskog i eldre llynghiområde til fritidseigedom på gnr. 160 bnr. 22 i Austrheim kommune.

**Uttale**

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, uttalar seg som eigar og forvaltar av fv. 568.

Vi vil vise til at det er krav om eige avkørysleløyve ved opparbeiding av veg, samt parkeringsplass til hytta. Vi viser til at føresegner §1.6.8 i kommuneplanens arealdel seier at fritidsbustadar skal ha 1 parkeringsplass til bil. Dette tiltaket utløyer krav om avkørysleløyve. Søknad om avkørysler til fylkesveg vert handsama av fylkeskommunen. Søknadsskjema finn du her:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/avkoyrselsloyve/>

Fv. 568 har haldingsklasse «mindre streng» jf. rammeplan 2021-2024 for avkørysler og byggegrenser. ÅDT på staden er 200 og fartsgrensa er 80 km/t. Det vil si at talet på direkte avkørysler til vegane skal vere avgrensa. Nye bustadavkørysler bør avgrensast. Val av plassering av avkørysler må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga. Eventuell godkjenning er avhengig av at dei tekniske krava skal vert tilfredsstilt.

Vi kan vera opne for å gi avkøryselsløyve til 1 fritidsbustad. Derimot ser vi at det kan vera utfordringar med å oppnå tilstrekkeleg sikt på staden. Slik det ser ut for oss kan det vera behov for større terremessige inngrep for å oppnå siktkrava. Siktkrava på staden er følgjande: 105 meter sikt i kvar retning frå 6 meter inn i avkøryselen, samt ein svingradius på 4 meter. Det vil følgje andre krav om tunge køyretøy skal bruke avkøryselen. Det er også krav til lengdeprofil. Vi vurderer dette som en strekning som kan ha mogleg høy fart grunna den lange flate strekningen og høg fartsgrense.

Vi minner også om at det må opparbeidast eiga snu- og manøvreringsareal på eigedomen slik at det ikkje blir manøvrering på fylkesvegen. Vi presiserer at vi ikkje har vert på staden, og kan ikkje ta stilling til avkøyrselsspørsmålet før vi får en eventuell avkøyrslesøknad.

Vi ser at det er opparbeidd ein parkeringsplass på staden, men vi kan ikkje finne tilhøyrande avkørysleløyve. Ved avkøyrslesøknad ber vi om at søker legger ved eventuell avkørysleløyve til eigedomen.

**Konklusjon**

Vi kan vere positive til ny avkørysle på staden, men det føresetja at krava til avkørysle er tatt hand om.  
Vi vil ta stilling til avkørslespørsmålet når vi mottek søknad om dette.

Med helsing

**Tone Bøyum**

senioringeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

**Andreas Sivertsen Våge**

rådgjever

INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*